



## Plan for eit trygt og godt skulemiljø på Grindhaug skole

2019-2020



*«Om vegen opp e' lang og tung og vanskelig, så skal me alle gjer så godt me kan.  
Me jobbar godt, me støttar dei som treng det, og klatrar opp i samn alle mann.*

*Så e' me klar for nok eit år på skulen, eit skuleår med arbeid, leik og song.  
Og treet står for skulen vår og kunnskap, me klatrar i det heile dagen lang.*

*Ref.:*

*Me får det te , her vil me læra. På Grindhaug skule e' det godt å vera.»  
(Utdrag frå Grindhaugsangen)*



*Me klatrar mot toppen*

## Innhold:

Innleiing – lovgrunnlaget	s.3
Målsetjing	s.4
Definisjonar på krenking	s.4
Læraren si viktige rolle	s.5
Klasseleiing, relasjonsbasert	s.5
Reglar for trivnad og orden	s.6
Innsatsteamet	s.7
Elevrådet	s.7
Trivselleiarar	s.7
Foreldresamarbeid	s.8
Systematisk og kontinuerleg arbeid § 9A-3	s.9
Førebyggjande arbeid	s.9
Aktivitetsplikta § 9A-4	s.10
Skjerpa aktivitetsplikt § 9A-5	s.13
Skjema:	
Dokumentasjon av undersøking §9A-4	s.15
Aktivitetsplan §9A-4	s.16
Dokumentasjon av undersøking §9A-5	s.17
Aktivitetsplan §9A-5	s.18



## Innleiing

Kapittel 9 A i opplæringslova slår fast at elevane skal ha det trygt og godt på skolen, slik at dei kan trivast og kan lære best mogleg. Reglane gir eleven ein individuell rett og regelverket skildrar ein framgangsmåte for korleis skulen og fylkesmannen skal behandla sakene.

Reglane om skulemiljøet er vedtekne av Stortinget. Reglane skal sikra eleven sin rettar i saker som gjeld skulemiljøet.

I § 9 A-4 står det følgjande:

*«Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skolen snarast undersøkje saka.*

*Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.*

*Skolen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid.»*

Føresette og/eller elev kan melda saka til Fylkesmannen viss ein opplever at skulen ikkje tar tak i problemet. Fylkesmannen kan då påleggja skulen å setja inn tiltak.

I 2017 blei det gjort endringar i opplæringslova kapittel 9A om elevane sitt skulemiljø. Målet med de nye reglane er å sikra eit meir effektivt regelverk mot mobbing og ei betre handheving av reglane. Reglane gjeld for grunnskulen og den vidaregåande skulen. Reglane gjeld også for leksehjelp og sfo.

Nokre av dei viktigaste endringane er at det er lovfesta eit krav til nulltoleranse. Dette er formulert som at skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Elevane har ein individuell rett til eit trygt og godt skulemiljø.

Det er eleven si eiga, subjektive oppleving av skulemiljøet som er avgjerande.



## Grindhaug skole si målsetjing:

Grindhaug skole skal vera ein skule med trivsel og tryggleik for alle. Me har nulltoleranse for krenkjande ord og handlingar.



## Døme på krenkjande ord og handlingar:

**Vald** er at nokon brukar fysisk makt for å skada andre.

**Rasisme** er at nokon blir forskjellsbehandla eller plaga, for eksempel fordi dei har ein annan hudfarge eller snakkar eit anna språk.

**Diskriminering** er at ein person blir dårlegare behandla eller trakassert, for eksempel på grunn av kjønn, funksjonsevne, tru, hudfarge eller bakgrunn (nasjonal eller etnisk).

**Utestenging** er at nokon så godt som alltid blir heldt utanfor ei gruppe eller ein klasse.

**Mobbing** er at ein eller fleire elevar seier eller gjer vonde og ubehagelege ting mot ein annan elev. Ved mobbing skjer dette fleire gonger, og den som vert utsett, har vanskeleg for å forsvare seg.



*Gode fellesopplevingar kan byggja venskap og førebyggja krenking.*

## Læraren si viktige rolle

Me veit at læraren er svært viktig for at elevane skal læra og ha det trygt og godt på skulen. Relasjonen mellom lærar og elev er avgjerande for elevane sine læringsresultat og åtferd. Læraren si vilje til å bry seg om alle elevane, vise interesse for den enkelte, vere støttande og ha forventningar om utvikling, er viktig for å byggja ein positiv relasjon.

«Dette er lærerens egentlige fag:

*Å like elever. Å være glad i dem. Han skal være glad i pene barn og stygge barn, i flinke barn og dumme barn, i dovne barn og flittige barn, i snille barn og i slemme barn. Og er han ikke glad i barn, da må han lære det. For selvfølgelig kan det læres, det som alt annet. Hans gjerning er å omgås hele, levende barn, og ikke bare hoder. Derfor krever lærerkallet av ham at han også selv skal møte frem som helt og levende menneske, ikke bare som et noe større hode. Så enkelt, og så vanskelig, er det å være lærer”*

-Jens Bjørneboe 1962

## Klasseleiing

God klasseleiing bidrar til eit godt læringsmiljø og god vurderingspraksis i arbeidet med fag og grunnleggjande ferdigheiter.

## Relasjonsbasert klasseleiing

Tilbakemelding til elevane, relasjon og struktur er gjensidig avhengig av kvarandre. Relasjonsbasert klasseleiing påverkar elevane si åtferd og innstilling til skulen. Dette har igjen innverknad på innsats og til slutt læringsutbytte.

## Fem grunnleggjande faktorar for å utvikla og oppretthalda gode læringsmiljø:

1. Læraren si evne til å leia klassar og undervising
2. Positive relasjonar mellom elev og lærar
3. Positive relasjonar og kultur for læring blant elevane
4. Godt samarbeid mellom heim og skule
5. God leiing, organisasjon og kultur for læring på skulen

## Reglar for trivnad og orden for Grindhaug skule

Grindhaug skule skal vere ein trygg og god skule for alle.  
Me skal vise omsyn slik at alle har det bra.

### Du har rett på:

- Å få god undervisning
- At det er ro og orden i klasserommet i timane og i friminutta
- At klasseromma er sunne, hyggelege og trivelege å vera i
- At ingen snakkar stygt om deg, ertar deg eller plagar deg på andre måtar
- At alle er høflege og greie mot deg
- At lærarane grip inn dersom du eller andre blir plaga
- At alle viser respekt for deg og meiningane dine
- At egedelane dine får vera i fred
- At skulevegen er trygg, enten du går eller sykklar

### Du har ansvar for:

- Å vera positiv til og interessert i undervisninga
- Å koma presis til timane
- Å vere høfleg mot elevar og tilsette
- At ingen blir heldt utanfor
- At du ikkje plagar andre elevar eller tilsette
- Å vera lydige mot personalet på skulen
- Å gå i trapper og korridorar
- Å hjelpa til å halda det reint og ryddig ute og inne
- Å kle deg etter vêret
- Å ha med deg sunn skulemat
- Å berre kasta snøball på anvist område
- Å kun bruka sparkesykkel, rullebrett, rulleskeiser og liknande på skateområdet.
- Å ha hjelm på når du brukar sparkesykkel, rullebrett, rulleskeiser o.l.

### Vi minner om:

- At det generelt ikkje er lov å ha med snop på skulen
- Mobiltelefonar skal vere avslått i skuletida. Det er ikkje lov å nytta utstyr som ein kan ta bilete/filme med utan at dette er avtalt med lærar. Ved brot på denne regelen skal mobiltelefonen/utstyret liggja på kontoret til skoledagen er slutt.
- At det ikkje er lov å sykla inne på skuleplassen.
- At rektor har lov til å visa ein elev bort frå undervisninga i enkelttimar eller resten av dagen, etter å ha samrådd seg med læraren til eleven.



## Innsatsteamet

Grindhaug har eit innsatsteam som skal ha eit ekstra ansvar for at elevane våre har det godt. Innsatsteamet møtest kvar veke for å diskutera og følgja opp aktuelle saker og bli einige om kven som skal gjera kva. Det er viktig at det blir jobba systematisk og grundig med desse sakene. Innsatsteamet består av sosiallærer, kontaktlærer for elevrådet, inspektør og rektor. Me vil også invitera med skulen sin helsesjukepleiar i aktuelle saker.

Skuleåret 2019/20 vil desse utgjera innsatsteamet: Kathrine Lillebø, Kristin Maartmann og Hege Mæhle. Laura Kloster, helsesjukepleiar blir også med ved behov.

## Elevrådet

Elevrådet på skulen vår består av representantar frå 5.-7.klasse. Kvar klasse har ein hovud og ein vara tillitsvald, men begge møter fast i elevråd. Elevrådet består då av 12 elevar, og desse utnemner eit styre med ein leiar, nestleiar og kasserar. Dei tre som får verv i styret blir dei same som møter i SU (Samarbeidsutvalet) og SMU (Skulemiljøutvalet). Elevrådet har møte kvar veke eller kvar 14.dag, alt etter kva saker dei jobbar med.

Det er elevrådskontakten (lærer) som kallar inn til møte, og elevrådet har fast møteplass på Skulekjøkkenet.

Her blir det tatt opp saker frå klassane, det kan gjelde trivsel eller andre ting som opptar elevane og ynskjer/forbetringar ute i skulegarden eller inne på skulen. Elevrådet har stor påverknadskraft i SU (Samarbeidsutvalet) og blir ofte dratt med på avgjerder som påverkar skulen.

## Skulemiljøutvalet (SMU)

Skulemiljøutvalet sitt formål er å sikra at skulen har eit systematisk arbeid for godt skulemiljø.

Utvalet er eit rådgjevande organ for skulen, men kan ikkje fatta bindande vedtak. Elevar og foreldre skal vera i fleirtal. I SMU vert det diskutert saker som har med det psykososiale miljøet på skulen å gjera. Her kjem blant anna Elevundersøkinga opp, og andre saker som har med trivsel og mobbing å gjera.



## Trivselleiarprogrammet

Skulen har i dette prosjektet som mål å få til meir elevaktivitet i storfriminuttet. Skulen har mange leikeapparat og eit stort og godt uteområde, men for mange kan det vera viktig og trygt at det finst organiserte aktivitetar å hengja seg på. Trivselsleiarane har også ein viktig jobb med å sjå etter dei som går aleine og prøva å få dei med på leiken.

Kvar klasse nominerer elevar som kan passa som trivselsleiarar. Det er god sosial trening å vera trivselsleiar og dei får mykje ansvar. Ansvar for utstyr som skal inn og ut, ansvar for å setja i gong leik, og eit ansvar for å inkludera og sjå dei som er med på leiken. Det er eit krav at TL går føre som gode rollemodellar. Dei får eit leikekurs i oppstarten og får eit kulturkort med «fordeler» på fleire aktivitetar i distriktet, bl.a. gratis bading i Karmøyhallen. Skulen har ein vaksen trivselsleiaransvarleg (TLA) som skal passa på at alt går rett føre seg, kan hjelpa dei i gong, setja opp lister kva dagar dei skal ut å vera TL og innkalla til møte. TLA er med på nettverksmøte med andre TLA i kommunen.



### **Foreldresamarbeid**

Skolen skal sørgja for samarbeid med heimen, jf. opplæringslova § 1-1 og § 13-3d.


«Foreldresamarbeid skal ha eleven i fokus og bidra til eleven sin faglege og sosiale utvikling. Eit godt foreldresamarbeid er ein viktig ressurs for skolen for å styrkje utviklinga av gode læringsmiljø og skape læringsresultat som mellom anna fører til at fleire fullfører vidaregåande opplæring.»  
Alle grunnskular skal ha eit skulemiljøutval (SMU) som skal bidra til at skulen, dei tilsette, føresette og elevane jobbar for eit godt og trygt læringsmiljø på skulen.

### **SMU - Skulemiljøutvalet**

Elevane, foreldra, dei tilsette, skuleleiinga og kommunen skal vere representerte i SMU, og elevane og foreldra skal vere i fleirtal.

SMU har rett til innsyn i all dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø, og har rett til å uttale seg i alle saker som er viktige for skulemiljøet (opplæringslova § 9 A).

Me kallar inn til minst to SMU møte i løpet av året, nokre år har me fleire.




*Samarbeid er viktig for å nå felles mål!*



### §9 A-3. Nulltoleranse og systematisk arbeid

Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Skulen skal arbeida kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.

Førebyggjande arbeid		
Plikt	Korleis	Kven, kva tid
 <p><b>Skapa eit trygt og godt skulemiljø</b></p> <p><b>Sikra at alle tilsette kjenner til lovverket og rutinane</b></p> <p><b>Alle tilsette skal vera aktive og følgja med på elevane</b></p> <p><b>Skapa eit godt klassemiljø</b></p> <p><i>DEI LER</i></p> <p><i>Dei ler og ler, og eg får ikkje vera med. Dei er mot meg. Det er derfor eg må gråta, mamma.</i></p> <p>Oskar Stein Bjørlykke</p>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Alle som jobbar på skulen skal ha fokus på dette.</li><li>• Fellessamlingar med fokus på trygt- og godt læringsmiljø</li><li>• Gjennomgå planen og rutinane ved semesterstart</li><li>• Ha jamleg fokus på dette arbeidet i utviklingstida og på samarbeidsmøta.</li><li>• Ha ei god vaktordning i friminutta og overgangane.</li><li>• God klasseleiing</li><li>• Relasjonsbygging</li><li>• Arbeid med å regulera åtferd</li><li>• Sosiale aktivitetar</li><li>• Jobba med klassereglar – ein klassenorm « i denne klassen.....»</li><li>• Ha fokus på klassereglar gjennom heile skuleåret</li><li>• Fokus på inkludering – På skulen vår skal alle vera trygge og oppleve å ha vener og nokon å vera med i friminutta.</li><li>• Bruka leikegrupper/støttegrupper i nokre friminutt pr. skuleår og ved behov</li><li>• Jobba med sosiale emne og livsmeistring <a href="http://www.linktillivet.no">www.linktillivet.no</a></li></ul>	<p>Pedagogar, miljøarbeidarar</p> <p>Rektor, inspektør</p> <p>Rektor ved oppstart av skuleåret i august til alle som arbeider på skulen. Kontinuerleg på møte med lærarar og miljøarbeidarar</p> <p>Rektor, innsatsteam på onsdagstida Rektor, inspektør på måndagsmøta til miljøarbeidarane.</p> <p>Rektor, inspektør, alle tilsette</p> <p>Kontaktlærar, andre lærarar i klassen, miljøarbeidarar i klassen</p>

**Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø – §9 A-4.**

**Formål:** Sikra at skulane handlar raskt og rett når ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Aktivitetsplikta gjeld alle som arbeidar i skulen (skule, SFO og leksehjelp) eller utfører arbeid og tenester som medfører at dei har kontakt med eller observerer elevar. Skulen har plikt til å informera elevar og føresette om rettane deira etter kapittel 9A, om skulen si aktivitetsplikt og at foreldre /elevar har høve til å melda i frå til fylkesmannen.

For å oppfylla det nye reglementet har skulen eit todelt dokumentasjonskrav:

- 1) Skulen må laga ein skriftleg plan (Aktivitetsplan) når det blir sett inn tiltak i ei enkeltsak.
- 2) Skulen må dokumentera meir overordna kva som er gjort for å oppfylla aktivitetsplikta.

***DEI LER***

***Dei ler og ler,  
og eg får ikkje  
vera med.  
Dei er mot meg.  
Det er derfor  
eg må gråta,  
mamma.***

**Oskar Stein Bjørlykke**

## § 9A – 4 Aktivitetsplikta

Følgja med	Korleis	Kven, kva tid
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rutinar for tilsyn med elevane (Slik gjer me det på Grindhaug)</li> <li>• Sjekka ut leik der mange er med. Er leiken ok?</li> <li>• Korte samtalar før og/eller etter friminutt (kva skal du gjera, kven skal du vera med, hadde du det bra, kven var du med, såg du nokon som ikkje hadde nokon å vera med?)</li> <li>• Følgja med i garderoben, på veg inn og ut</li> <li>• Gymgarderobe; lærar vera tett på, elevane veit at lærar er i nærleiken</li> <li>• Observera blikk-kontakt og nonverbal kommunikasjon i klasserommet</li> <li>• Gjennomføra Spekter</li> </ul>	<p>Rektor, alle tilsette har ansvar og må kontinuerleg følgja med og vera på!</p> <p>Kontaktlærarane, oktober og mars</p>
<b>Gripa inn</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gripa inn med ein gong om ein ser noko som ikkje er greitt «Her på Grindhaug... « - ovanfor den som krenker og alle som høyrer på</li> <li>• Visa omsorg for den som blei krenka</li> <li>• Varsla kontaktlærar som tar ein samtale med den som krenka</li> <li>• Tiltak</li> </ul>	Alle tilsette
<b>Varsla</b>	<p>Ved varsel om mobbing/mogleg mobbing</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Varsla kontaktlærar</li> <li>• Varsla rektor – same dag!</li> </ul>	Alle tilsette
<b>Undersøkja</b>	<p>Kontaktlærar i samarbeid med innsatsteam/rektor set i gang med undersøkingar, blir einige om kven som gjer kva. Dokumenter dette i «Dokumentasjon av undersøking». (ligg i showbie)</p> <p>Når du skal observera må du sjå etter:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kor beveggar eleven seg?</li> <li>• Kven er han/ho med?</li> <li>• Gestar, uttrykk, mimikk</li> <li>• Augekontakt</li> <li>• Kommenterar, lydar, tonefall</li> <li>• Konkrete handlingar</li> </ul> <p>NB! Hugs å notera tidspunkt og stad for observasjonen, korte intervall 10-15 min. (Skjema for observasjon finn du i Showbie)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Samtale med involverte elevar og vaksne for å få ein oversikt over situasjonen som er meldt</li> <li>• Samtale med foreldra til involverte foreldre</li> <li>• Analysera siste Spekter, eventuelt ta ein ny</li> <li>• Innblikk-samtalar ved behov</li> </ul>	<p>Kontaktlærar, innsatsteam/rektor</p> <p>Innsatsteam</p>
<b>Setja inn tiltak</b>	<p>Setja inn tiltak som kan betra situasjonen for eleven</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vakt tett på</li> <li>• Møta elev om morgonen</li> <li>• Samtale om dagen i slutten av skuledagen</li> </ul>	Rektor, innsatsteam, kontaktlærar

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Hjelpa eleven til sosialt friminutt</li> <li>• Samtalar med sosiallærer, alliert, øva på vanskelege situasjonar, jobba med sjølvtilitt/sjølvbilete (som ofte ikkje er bra viss ein har opplevd noko vanskeleg), samtale om gode og mindre gode venner, styrke i nye relasjonar</li> <li>• Skifta plassar i klasserommet</li> <li>• Skifta plassar i garderobe</li> <li>• Unngå kø-situasjonar, der kan mykje skje...</li> <li>• Tett kontakt mellom skule og heim for å tryggja foreldre</li> </ul> <p>Tiltak mot den som eventuelt krenkjer</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Stoppsamtale (Showbie)</li> <li>• Relasjon lærar og elev</li> <li>• Vakt tett på</li> <li>• Sjekk inn, sjekk ut</li> </ul>	
--	---	--

<b>Dokumentera</b>	<p>Tiltaka skal evaluerast heile tida.</p> <p><b>Viss eleven ikkje opplever å ha eit trygt og godt skulemiljø, kallar me føresette og elev inn til eit møte og lagar ein Aktivitetsplan (skriftleg plan).</b></p>	Involverte tilsette Rektor
--------------------	---	-------------------------------

## § 9A-5 Skjerpa aktivitetsplikt

Det er skjerpa aktivitetsplikt dersom ein tilsett ved skulen er årsak til at ein elev ikkje har det trygt og godt i skulemiljøet.

Me må sikra at me handlar raskt og rett viss ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Aktivitetsplikta gjeld alle som arbeider i skulen eller som utfører arbeid og tenester som medfører at dei har kontakt med eller observerer elevar regelmessig eller i ein periode.

§ 9A – 5 Skjerpa aktivitetsplikt		
Plikt	Korleis	Kven, kva tid
<b>Følgja med</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Alle som arbeider i skulen har ei individuell plikt til å følgja med. Det er viktig med førebygging og trygging gjennom kollegasamarbeid, god klasseleiing, elevsamtalar, foreldresamtalar, setja fokus på å vera inkluderande, ha gode rutinar for relasjonsbygging mellom vaksne og elevar i friminutt. Viktig at vaksne er «på» og brukar elevane sin medverknad. Skapa tryggleik i personalet ved å drøfta eigen praksis i krevjande situasjonar. Gjennomføra utvida Spekter i oktober og mars.</li></ul>	Rektor, alle tilsette
<b>Gripa inn</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Gi støtte der og då dersom nokon kjenner seg krenka. Visa nulltoleranse ved å påpeika ord og handlingar som kan bli oppfatta krenkjande. «Eg ville ikkje likt at du gjorde dette mot meg.»</li></ul>	Alle tilsette
<b>Varsla</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Rektor skal varslast viss nokon får mistanke eller kjennskap til at ein vaksen krenkjer elev. Det skal vera låg terskel for å varsla. Dersom ein i skuleleiinga er den som krenkjer, skal skuleeigar varslast direkte.</li></ul>	Alle tilsette
<b>Undersøkja</b>	Rektor skal reagere raskt, ikkje bagatellisera, men gjera undersøkingar i saken. Det er viktig å høyra eleven si meining og oppfatning på same måte som det er viktig å høyra den som arbeider ved skulen. Ei undersøking skal få fram fakta om ein situasjon og på bakgrunn av dette skal ein finna eigna tiltak. Det er viktig at eleven og den tilsette får informasjon om resultat av undersøkinga så snart som mogleg og at ein følgjer opp begge partar på en trygg og god måte.	Rektor
<b>Setja inn tiltak</b>	Når undersøkingar viser at ein vaksen ved skulen krenkjer ein elev, skal skulen setja inn tiltak. Tiltaka som blir sett inn skal løysa dei utfordringane kjem fram i undersøkinga. Tiltaka skal vera lovlege. Tiltaka skal skrivast i ein aktivitetsplan (sjå eigen mal) som blir sendt heim. Eleven må involverast i dette arbeidet. Tiltaka skal evaluerast jamleg for å sjå om dei fungerer. Det er ein fordel at begge partar deltar i møta knytt til utarbeiding av aktivitetsplan og evaluering av denne. I nokre tilfelle viser undersøkingane at det er behov for rettleiing av tilsette. Dersom dette ikkje er knytt til eleven sin rett til eit trygt og godt skulemiljø, vil det ofte	Rektor

	vera ein separat sak som ikkje er knytt til aktivetsplan.	
<b>Dokumentera</b>	Skulen skal laga ein skriftleg plan (aktivetsplan) når det blir sett inn tiltak i ei enkeltsak. § 9A-5 Skulen skal dokumentera kva som blir gjort for å oppfylle aktivetsplikta § 9A-4, 7.ledd	Rektor



## DEI ROPAR

VI LEIKAR, OG DEI STÅR I RINGEN OG  
ROPAR PÅ MEG.  
EG LIKAR DET SÅ GODT NÅR DEI ROPAR  
PÅ MEG. DÅ KJEM EG SPRINGANDE.

OSKAR STEIN BJØRLYKKE

September 2019

Eleven sitt namn:		Født:	
Kven melder bekymringa og når:			
Rektor blei informert, dato:			
Sak/situasjon, korleis oppdaga, type inngripen:			
Undersøking av saka: (Spekter, relasjonskart, observasjon, elevsamtalar, samtalar med føresette), kven gjer undersøkingar og kva tid?			
Kva seier eleven om situasjonen?			
Kva utfordringar skal skolen løyse?			
Opplever eleven eit trygt og godt skulemiljø? (Ved nei skal aktivitetsplan fyllast ut.)		JA	NEI
Evaluering, fortløående jfr. Aktivitetsplan	Dato	Sign	
Oppfølging, endringar			

Viss undersøkingar viser at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, skal det setjast inn tiltak.

<b>Elev:</b>	<b>Født:</b>	<b>Grindhaug skole</b>		
Eleven sine tankar om situasjonen, kort oppsummert.				
Undersøkingar som dannar bakgrunn for tiltak: Set kryss!				
Spekter:___ Systematisk observasjon: _____ Samtalar:_____ Relasjonskart: _____				
Føresette sine tankar om situasjonen, kort oppsummert.				
<b>Utfordringar som skal løysast</b>	<b>Tiltak som løyser utfordringa</b>	<b>Skal gjennomførast når/korleis?</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Evaluering</b>

Grindhaug skole: \_\_\_\_\_

Hege Mæhle, rektor

Send til føresette  
Kopi til oppvekst – og kulturretaten



Sak		Involverte:	
Kven melder bekymringa og når:			
Rektor blei informert, dato:			
Rektor informerte skulefagleg rådgivar, dato:			
Sak/situasjon, korleis oppdaga:			
Kva seier dei involverte om situasjonen (vitne)?			
Kva seier eleven om situasjonen?			
Kva seier den vaksne om situasjonen?			
Undersøking av saka: (Spekter, relasjonskart, observasjon, elevsamtalar, samtalar med andre tilsette, samtalar med føresette)			
Kva utfordringar skal skolen løysa?			
Vurderinga til rektor:			
Opplever eleven eit trygt og godt skulemiljø? (Ved nei skal aktivitetsplan fyllest ut.)		JA	NEI
Evaluering, fortløpande jfr. Aktivitetsplan	Dato	Sign	
Oppfølging, endringar			

# AKTIVITETSPLAN

# Skriftleg plan §9A-5

Viss undersøkingar viser at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, skal det setjast inn tiltak.

<b>Elev:</b>	<b>Født:</b>	<b>Grindhaug skole</b>		
Eleven sine tankar om situasjonen, kort oppsummert.				
Undersøkingar som dannar bakgrunn for tiltak: Set kryss!				
Spekter:___ Systematisk observasjon: _____ Samtalar:_____ Relasjonskart: _____				
Føresette sine tankar om situasjonen, kort oppsummert.				
Utfordringar som skal løysast	Tiltak som løyser utfordringa	Skal gjennomførast når/korleis?	Ansvar	Evaluering

Grindhaug skole: \_\_\_\_\_

Hege Mæhle, rektor

Send til føresette  
Kopi til oppvekst – og kulturetaten